

Idrett og kultur – hand i hand

– Saman er me sterke, og me vil ha ein fleirbrukshall der idrett og kultur lagar aktivitetar saman. Det er mellom konklusjonane etter kulturkonferansen på Dale torsdag.

– Dalehallen rotnar på rot, det er rett og slett ikkje tilpassa dagens krav, og det gjev ikkje tilkomst for alle grupper, slo Agnar Sellevold fast då den niande kulturkonferansen gjekk av stabelen.

Han er leiar i musikkrådet i kommunen, som dette året gjekk saman med idrettsrådet om å laga til kulturkonferanse.

Kultur ut til folket

Kultursjef Kristin Myrmel Henschen fortalde om sine visjonar for kvar kulturskulen skal vera.

– Me har eit ynskje og ein plan for å koma ut til brukarane. Tradisjonelt har dei kome til oss, men no reiser me ut - og gjev tilbod direkte til elevane medan dei er på skulen.

– Som eit obligatorisk tilbod, også med tanke på utjamna sosiale ulikskapar som måtte vera, sa ho.

Kulturskulen har også fått 700.000 kr frå staten til slik verksemd.

Visjonar

Fylkesidrettsjef Britt Karen Spjeld drog dei overordna linene. Ho snakka om visjonen dei har – nemleg aktiv kvar dag.

Ho var også inne på at plasseringa som Vaksdal har – midt mellom Bergen og Voss – kanskje burde vore utnytta meir.

I pausen var det sjølvsagt kultur-



SKRYT: Tidlegare Brann-trenar Mons Ivar Mjelde meiner det handlar om å føla seg som ein del av eit lag.

innslag, og med tre sysken Steinkopf og Trøen på saksofon – så kunne ein ikkje få ei betre innleiing til andre økta.

Det handlar om å verta sett

Då kom Mons Ivar Mjelde – som inspirator for kva både idretten og

kultur må gjera saman for å lukkast.

– Mykje handlar om å verta sett, om å få anerkjening – og å føla seg som ein av eitt lag. Det gjeld uansett kva ein held på med.

– Dei frivillige, som gjer eit stort arbeid, får sjeldan skryt. Då er det

svært viktig at me som legg ned mange frivillige timar, nett gjev kvarandre ros.

– Då skapar me resultat. Når «forandringens vind» bles, så set nokre opp løeveggar.

– Me må setja opp vindmøller, og hugs også at ingen skaper resultat

åleine. Dette er team-arbeid, var den klare meldinga frå Mjelde.

JAN-EGIL DYVIK | tekst og foto
jed@avisa-hordaland.no

– Me kjempar mot vernestyresmaktene

DALE: – Hadde vernestyresmaktene i fylket hatt opne augo og vore i same verda som oss, så hadde arbeidet med ein ny fleirbrukshall på Dale for lengst vore i gang.

Det hevda ein tydeleg irritert ordfører Eirik Haga på kulturkonferansen torsdag.

– Desse styresmaktene har stritta og stritta i mot, og det er godt betalte personar med makt – som misbrukar den, la han til.

Innan 14 dagar

Haga informerte også om den aller siste utviklinga, der det seinast måndag denne veka har vore eit møte mellom kommunen, BKK og vernestyresmaktene på fylket.

Dei sistnemnde har så langt ikkje vore nøgde med den dokumentasjonen som er laga om den delen av kraftstasjonen til BKK – som skal rivast – for å gje plass til fleirbrukshallen.

– Men no har me fått lovnad om at i løpet av ein 14 dagars tid, skal me få svar. Før me har det, kan ikkje rivingsprosessen setjast i gang, understreka Haga.

Drift og vedlikehald

Haga sa dette i paneldebatten under kulturkonferansen, ein debatt der representantar frå SV ikkje var til



MAKT: Hadde vernestyresmaktene vore i same verda som oss, så hadde arbeidet med fleirbrukshallen vore starta for lenge sidan, sa ordfører Eirik Haga (til høyre), til venstre varaordfører Arne Normann og Sigmund Sømmenes i midten.

stades. Drift og vedlikehald av noverande og framtidige idrett- og kulturanlegg, var tema. Bortsett frå Haga sine innlegg om fleirbrukshallen, vart det ikkje så mykje temperatur i debatten. Men, alle partia understreka at dei ynskje ein hall velkomen, og at det må vera eit samarbeid mellom kommunen og lagslivet for å det til.

Unik sjanse no

Også når det gjeld å fylla den gamle delen av kraftstasjonen som skal stå att, med kulturinnhald og aktivitet.

– Me har no ein unik sjanse til å skapa det, understreka kantor Olav Arne Steinkopf. Han minna også om at i høve til folketalet, har Vaksdal eit svært rikt kulturliv.

– Det må ikkje verta slik at når no dei frivillige innan idrett og kultur har funne saman, så står dei sterkare – mot politikarane, påpeika ordføraren.

– Det aller meste av det politiske arbeidet lokalt er også frivillig, minna Haga om.

JAN-EGIL DYVIK | tekst
jed@avisa-hordaland.no

Valde nye domsmenn

VOSS: Gulating lagmannsrett har bede Voss kommune om å supplera med to kvinner og to menn til utvala av meddommarar og lagrettemenn. Kommunestyret valde torsdag Gunnar Bråten, Knut Fløtberget, Helene Stråtveit og Kari Elisabeth Rio.

Havørn ved Tintrabrua

VOSS: Fuglekjennar Harald Grimstad kunne både torsdag og fredag observera havørn ved Vosso, i området Tintrabrua – Langebrua. – Havørna kjem for å jakta på endene, som det er mange av her. Ho var her torsdag, og fredag kom ho igjen, før ho forsvant oppover elva i retning Langebrua. Det er sikkert fleire som har sett fuglen, og dersom dei lurar på kva art det er, så er det altså havørn, fortel Grimstad.